

Møtereferat

**Årsmøtet i Naustdal jakt og fiskelag sone 4,
(forslag til nytt namn: Øvre Naustdal Utmarkslag)
Instedalen Skule 12.03.11 kl. 13.**

Desse møtte:

Normund Svoen, Odd Vonen, Petter Fimland, Atle Fimland, Olav R Fimland, Olav Svoen, Marius Nes, Svein Svorstøl, Inge Svorstøl, Ståle Fimland, Andreas Sørebo, Kjell Klopstad.

Sak 1 Val av møteleiar.

Normund Svoen vart vald

Sak 2 Val av skrivar.

Kjell Klopstad vart vald

Sak 3 Val av 2 til å skrive under møteboka

Odd Vonen og Ståle Fimland vart valde

Sak 4 Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart sendt både elektronisk og ved lysing i Firda.

Den vart godkjent.

Sak 5 Godkjenning av dagsorden.

Godkjent

Sak 6 Årsmelding 2010.

Leiar gjekk gjennom årsmelding.

Diskusjon:

Rusefisket

Bør halde fram sjølv om fangstane var dårlegare enn tidlegare år.

Styret bør vurdere om det er aktuelt å få arbeidd fram eit fagleg grunnlag for forvaltning av Vonavatnet (Driftsplan).

Kortsal

Det vert satsa på sjølvbetening av sal av fiskekort, og på sikt utleige av båt og garn.

Leiar får fullmakt til å kjøpe inn 4 kortkassar. Desse skal plasserast slik: Ved Vonavatnet, på Nes, ved Fimlandsbua og ved Teigavatnet.

Det skal i tillegg leggast ut kort i Longvasshytta.

Årsmeldinga vart godkjent.

Sak 7 Forslag til vedtektsendringar

I samband med namneendring på laget til Øvre Naustdal Utmarkslag har Styret gått gjennom dei gamle vedtektene, og la fram forslag om endringar (jfr eige skriv)

Vedtektsendringane vart vedteke.

Sak 8 Rekneskap for 2010

Kasserar Olav R Fimland la fram revidert rekneskap.

Laget hadde ved rekneskapsavslutning eit bankinnskot på kr 66048,-

Rekneskapen vart godkjend.

Sak 9 Val

Val av leiar:

Normund Svoen vart vald, attval

Val av 2 styremedlemer:

Kjell Klopstad vart vald, attval

Olav R Fimland har sagt frå seg attval.

Gudmund Eimhjellen vart vald.

Val av 2 varamedlemer:

Vart ikkje gjort nyval. Tidlegare valde er framleis i funksjon.

Val av 2 revisorar:

Olav Svoen og kjetil Fimland vart valde.

Val av 2 personar til valnemnd:

Ståle Fimland, leiar, og Svein Svorstøl vart valde

Sak 10 Eventuelt:

Olav Svoen melde sak om terskelbygging ved utløpet av Nesvatnet.

Over tid har elveosen vorte senka som følgje av naturleg erosjon av lausmassar i elvebotnen.

Vass-spegelen i vatnet er difor blitt senka, med attgroing og vanskelegare tilflot som følgje.

Svoen tok opp spørsmålet om ØNU kunne ta på seg å stå som søkjar for å få i stand avbøtande tiltak.

Vedtak: O. Svoen syter for å få fram dokumentasjon og grunnlagsmateriell og sender saka vidare til styret i ØNU.

Alle val,vedtak og godkjenningar i årsmøtet vart gjort samrøystes.

Leiaren takka avslutningsvis for tillit og godt samarbeid.

Olav R Fimland, som har hatt mange år som tillitsvald i laget, vart takka særskilt.

Kjell Klopstad

Sekretær

12.03.2011